

Kommunale næringsfond

Sykkylven kommune har fått tildelt kr 384.500 i kommunalt næringsfond for 2008. Det er høve til å søkje på desse midlane.

Slik søknad skal sendast til Sykkylven Næringsutvikling, Næringens Hus, 6230 Sykkylven.

For midlane gjeld fastsette retningslinjer. Dei omfattar m.a.:

- Bedriftsretta prosjekt der samla kapitalbehov er større enn kr 150.000 skal oversendast Innovasjon Noreg
- Ungdom og kvinner blir prioriterte ved tildeling
- Det gjeld fem strategiske satsingsområder for brukar av midlane.
 - Nyskaping
 - Kompetansebasert industriell vekst
 - Livskvalitet som næring
 - Energi
 - Attraktive ABS-regionar (Arbeid. Bustad. Service)

Det gjeld slike konkrete retningslinjer for fondsmidlane:

1. Vedtekne kommunale strategiar skal ligge til grunn for bruken av midlane. Fondet skal ha ein utløysande effekt på tiltaket som vert støtta.
2. Tiltakstypar. Næringsfondet kan nyttast både til bedriftsretta tiltak og til generelle tilretteleggande tiltak i regi av kommunen eller andre typar organisasjonar. Det kan ikkje løyvast støtte til ordinær drift, inkludert finansiering av kommunens ordinære oppgåver i næringsutviklingsarbeidet. Det kan ikkje gis støtte til fysisk infrastrukturtiltak i kommunen. Bedriftsretta støtte skal ikkje vere av eit slikt omfang at det kan oppfattast som urettmessig konkurransevridande lokalt. Det kan ikkje gis støtte som er i strid med internasjonale avtaler der Norge er part. Det kan derfor ikkje gis støtte til primær stålproduksjon, til transport eller til direkte eksportkostnader, inkludert etablering og drift av distribusjonsnettverk.
3. Støtteformer. Støtte skal fortrinnsvis gis som tilskott. Jamfør kommunelova § 51 kan næringsfondet ikkje setjast som garanti for lån til næringsverksemd. Næringsfondet bør ikkje nyttast til teikning av aksjar.
4. Kapitalgrenser og samfinansiering. Det kan ikkje gis tilsegner utover det som til ei kvar tid står på fondet. Prosjekt med søknadsbeløp over halvparten av siste års tildeling til fondet bør drøftast med Møre og Romsdal fylke og/eller Innovasjon Norge. Støtte skal ikkje utgjere meir enn halvparten av dei kostnadane som er rekna inn i støttegrunnlaget. Samfinansiering er avgrensa av reglande for dei midlane det er aktuelt å samfinansiere med. Ein gjer særleg merksam på EU-regelverket for bagatellmessig støtte, implementert gjennom EØS-avtalen. Dei kommunale næringsfonda må haldast saman med annan bagatellmessig støtte. Dette vert ikkje påverka av ESA-godkjente støtteordningar som er definert utanfor den bagatellmessige støtta.

Prosedyrar

1. Mynde til å vedta løyvingar frå næringsfondet er lagt til kommunestyret, som kan delegere dette vidare jamfør kommunelova. For Sykkylven er dette delegert til nærings- og utviklingskomiteen.

2. Kommunen skal etter vedtak sende tilsegnsbrev med vilkår for tilsegna.

Tilsegnsbrevet skal gi ein frist for ferdigstilling og rapportering og om prosedyrar og dokumentasjonskrav knytt til utbetalinga.

Tilsegnsbrevet skal gi opplysningar om klagerett jamfør kommunelova §29 og forvaltningslova §28.

Sluttutbetaling skal alltid skje etterskotsvis mot rapport og rekneskap.

3 Kommunen skal kvart år rapportere bruken av det kommunale næringsfondet, jamfør reglar fastsett i tildelingsbrevet. Det tilligg etter dette kravet at kommunen må etablere eit system som legg til rette for innsyn og kontroll med omsyn til både økonomi og målstyring.